

GOL, torsdag 8. januar 2024

## Forenkla konsekvensutredning hyttetomter

### Innhald

Samandrag.....	1
Bakgrunn .....	2
Metode .....	2
Området i dag.....	2
Dyrkbar Jord.....	5
Grunntilhøva .....	6
Vegkryssing over Myra.....	6
Naturtype.....	7
Kulturminne .....	9
Gardsdrifta og hytter.....	9
Målloppnåelse med eksisterandeplanverk og tiltak.....	10

### Samandrag

Utviklinga av hyttefeltet er i høve til gjeldande planverk i Gol kommune. Tiltaket kan vere med å styrke inntektsgrunnlaget for jordbruksdrift og har liten innverknad på noverande eller framtidig jordbruksdrift. Feltet er planlagt i eit marginalt område i høve til jordbruksdrifta på garden.

Tema	Felt	Verdi	Omfang	Konsekvensgrad
Omsyn til gjeldande kommuneplan	28 daa	3	1	3
Omsyn til dyrkbar jord	28 daa	-3	1	-3
Omsyn til grunntilhøva	28 daa	-1	1	-1
Vegkryssing av myra	28 daa	-1	1	-1
Omsyn til naturtype	28 daa	-3	1	-3
Omsyn til kulturminner	28 daa	0	-1	0
Omsyn utvikling på garden	28 daa	3	1	3

## Bakgrunn

Underteikna er kontakta av grunneigar og tiltakshavar Ola Halvar Jorde i høve til opparbeiding av 4 hyttetomter på Gards og bruks nr 17/70 i Gol kommune. Areal som vert rørt er i dag jorddekt fastmark samt eit myrdrag som tilkomstvegen til hyttefeltet skal krysse. Alt areal er lagt inn i kartverket som potensiell dyrkbar jord.

Underteikna er førespurt om konsekvensar for dagens og framtidig jordbruksdrift på eigedommen om hyttetomtene vert realisert. Eg er og førespurt om å legge fram ei forenkla konsekvensutgreiing for tiltaket.

## Metode

Metodikken i utredninga inneber innhenting av tilgjengeleg informasjon om området, gjennom ulike kartløysingar og ev. andre planer som ligg føre. Dagens arealbruk er innhenta frå tiltakshavar. Det er ikkje gjennomført synfaring av området.

Kvart tema vert gjeve ei vurdering frå minus tre (sterkt negativ) til pluss tre (sterkt positivt) og der vurderinga null tyder på ingen verknad av hytte utviklinga i høve til dette temaet.

Sterkt positiv	+3
Middels positiv	+2
Litt positiv	+1
Ubetydeleg / ingen verknad	0
Litt negativ	-1
Middels negativ	-2
Sterkt negativ	-3

Det er vidare vurdert tiltaket sitt omfang/effekt/betydning for det enkelte tema etter ein skala frå 0 til 3 der 0 indikerer ingen effekt mens 3 indikerer stor effekt/omfang/betydning. Resultat av desse to vurderingane gjev ein konsekvensgrad for temaet som følgje av hyttetomt utviklinga.

Denne metodikken er anerkjent og beskrive i Statens vegvesen sin handbok V172 (2014).

I konsekvensutgreiinga fylgjer og eit samandrag.

## Området i dag

Berørt området ligg i dag i randsona i kommuneplan mellom areal avsett for utvikling av hyttetomter(LNFR, spreidd fritidsbebyggelse) og LNFR område.



### **3. Landbruks-, natur- og friluftsformål (§11-7, nr.5)**

JNFR

10


#### L-NFR - spredt boligbebyggelse

— —

#### LNFR - spredt fritidsbebyggelse

*Figur 1 Syner utsnitt frå gjeldande kommuneplan i Gol pr 5/1-2024. Planlagt hyttefelt ligg i randsona mellom hyttefelt og LNE området*

Området er registrert i «gardskart» som jordekt fastmark og myr. Det er registrert 3 kolmiler rett vest for planlagt hyttefelt. Alt areal er potensiell dyrkbar mark og vert i dag sporadisk beita med storfe. Det har vore lågt beitetrykk på området dei siste åra.



Figur 2


#### Markslag (AR5) 13 klasser

- Fulldyrka jord
- Overflatedyrka jord
- Innmarksbeite
- Skog inkl. myr, særskilt høy bonitet
- Skog inkl. myr, høy bonitet
- Skog inkl. myr, middels bonitet
- Skog inkl. myr, lav bonitet
- Uproduktiv skog inkl. myr
- Myr uten skog
- Jorddekt fastmark
- Skrinn fastmark
- Bebygd, samferdsel, vann, bre
- Ikke kartlagt


Tema	Felt	Verdi	Omfang	Konsekvensgrad
Omsyn til gjeldande kommuneplan	28 daa	3	1	3

## Dyrkbar Jord

Alt rørt areal der hyttetomtene byggjast ut er definert som dyrkbar jord (sjå fig. 3). Dyrkbar jord er areal som ikkje er fulldyrka, men som ut i frå agronomisk perspektiv kan dyrkast opp til fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking.



Figur 3



Under kartlegging av markslag i Økonomisk Kartverk vart det sett fleire krav til «dyrkingsjord». Desse er å finne i «Markslagsklassifikasjon i økonomisk kartverk», 1980-utgåva. Her går det mellom anna fram at minsteareal for registrering av dyrkingsjord var avhengig av avstand til veg og anna fulldyrka jord. Areal heilt ned i 2 dekar kunne registrerast som dyrkingsjord dersom det låg inntil allereie fulldyrka jord. Om avstand til fulldyrka jord eller veg var over 1 km, måtte dyrkingsjorda vere over 25 dekar for å verte registrert i kartet. I tillegg skulle jorda kunne dyrkast opp til lettbrukt eller mindre lettbrukt jord. Det betyr at hellinga måtte vere mindre enn 1:3. På

dyrkingsjorda vart det også registrert opplysningar om stein- og blokkinnhald og dreneringsgrad.

Areala som er registrert som dyrkbar jord kan vere underlagt restriksjonar mot nydyrking i samsvar med ulike lover og forskrifter, som til dømes forbod mot nydyrking av myr. Det er difor ikkje alle areala i datasettet som vil vere aktuelle å dyrke opp. For å finne kva areal som er reelt tilgjengeleg for oppdyrking, må ein halde datasettet opp mot andre relevante kjelder og datasett.

Tema	Felt	Verdi	Omfang	Konsekvensgrad
Omsyn til dyrkbar jord	28 daa	-3	1	-3

## Grunntilhøva

Grunntilhøva vart i 1973 registrert som jorddekt open fastmark, ikkje tresatt.

«Jorddekt areal» er areal der meir en 50 % har større jorddjupne en 30 cm.

«Organiske jordlag» er areal som har organisk jordlag tjukkare enn 30 cm på myr og i skog og tjukkare enn 20 cm på jordbruksareal.

I dette tilfellet er det organiske jordlaget myrområde som pr d.d. ikkje er lov å nydyrke i høve til forskrift om nydyrking. Kommunen kan i særskilte tilfelle gje dispensasjon til nydyrking av myr;

1. Når grunneigar mistar andre produksjonsareal på grunn av tap av leigejord eller ved utbygging i offentleg regi som samferdselstiltak eller liknande,
2. der grunneigar sin einaste dyrkingsressurs er myr, eller
3. for å ivareta særskilte produksjonar i myr på fjellgrunn.

Dispensasjon etter andre ledd kan berre gjevast når behovet for tiltaket tilseier at omsynet til natur- og kulturlandskapsverdiane og omsynet til klima må vike. I denne vurderinga skal det leggjast vekt på storleiken på myrarealet som skal dyrkast opp, omsynet til en rasjonell arrondering, grunneigar sin tilgang på andre dyrkingsareal og om det er mogeleg å ta i bruk dokumenterte klimagassreduserande dyrkingsmetoder.

Ingen av desse føresagnene er oppfylt på eigedommen 17/70 i denne saka. Dvs at arealet på 54,6 daa som er lagt inn som «myr» i kartverket likevel ikkje kan nyttast til nydyrking pr i dag sjølv om grunntilhøva tillèt det.


Den «jorddekte fastmarka» kan nydkast.

Tema	Felt	Verdi	Omfang	Konsekvensgrad
Omsyn til grunntilhøva	28 daa	-1	1	-1

## Vegkryssing over Myra

For å kome frå Smylistølvegen(Hovudvegen) og bort til hyttefeltet må det opparbeidast om lag 2-300 meter ny vegtrase. Tilkomstvegen må krysse myra. Det er umogeleg å unngå myrkryssing for å kome fram til hyttefeltet utan å påverke anna jordbruksareal i jordbruksdrifta. Skal anna areal nyttast vert eksisterande beitemark i sterk grad påverka av vegbygginga. Det vurderast derfor som svært fornuftig å velje planlagt vegtrase.

Vegen byggast opp som vist i fig. 4



Myra er ca 60cm dyp

Lengda på veg over myr. ca 30m

När ein bruker sprengstein i bånn  
Vil vatn fritt renne igjennom

Figur 4 Skisse av vegen som kryssar myra teikna av tiltakshavar Ola Halvard Jorde.

Ved å bygge opp vegen slik skissa(fig4) syner vil vatnet i myra trekke gjennom vegen og fortsetje på andre sida av vegen. Vasstilførselen for myra på begge sider av vegen vil oppretthaldast, og tiltaket fører ikke til auka flaumfare. Snarar tvert imot vert bufferevna som myra har til å magasinere vatn oppretthalda.

Det er lagt opp til at vegen kryssar om lag på smalaste punktet på myra, slik at inngrepet vert minst mogeleg.

Tema	Felt	Verdi	Omfang	Konsekvensgrad
Vegkryssing av myra	28 daa	-1	1	-1

## Naturtype

Området vart hausten 2023 registrert i Artsdatabanken som «Boreal hei».

Naturtypane er vurdert med utgangspunkt i den internasjonale naturvernunionen (IUCN) sine kategoriar, kriteria og retningslinjer. Basert på vurderingane, er naturtypane gruppert og rangert i ulike kategoriar som syner naturtypane sin risiko for å gå tapt.

På grunnlag av vurderingane vert naturtypane gruppert og rangert etter kor stor risiko dei har for å gå tapt. Naturtypane grupperast til ein av følgjande åtte kategoriar:


**VU sårbar:** Ei naturtype er sårbar når best tilgjengeleg informasjon indikerer at minst eitt av kriteria A til E for sårbar er oppfylt. Eller at risikoen for at naturtypen skal gå tapt i Norge er høg.

Alle artar vurderast mot alle fem kriteria, og det kriteriet eller dei kriteria som gjev høgste risiko for at typen skal gå tapt, vert utslagsgjevande. Vurderingane etter A-, C-, og

D-kriteria vert gjort ut i frå naturtypen si utvikling i ein 50-års periode; siste 50 år, 50 år fram i tid, eller i kva som helst 50-årsperiode som kryssar 2018.

# Boreal hei

Boreal hei



Vurderingsenhet av Type 1.1.  
NiN-kode: T31

CO CR EN VU NT DD LC NE

Sårbar VU

Forklaring til kategoriene.  
Utslagsgivende kritier A+D1+D2a+D2b:  
Reduksjon av totalarealet og forringelse av naturtypen på grunn av biotiske faktorer

Dei fem kriteria kan kort oppsummerast slik:

A - Reduksjon i totalarealet

Reduksjon av naturtypen sitt totalareal i løpet av ei 50-årsperiode

B - Avgrensa geografisk utbreiing

Naturtypen sitt utbreiingsareal (B1) og/eller tal  $10 \times 10 \text{ km}^2$  ruter (B2) kor typa finns i dag. I tillegg må minst eitt av tre underkriterier vere oppfylt.

C - Abiotisk forringelse

Del av totalarealet som er forringa av abiotiske faktorar, og graden av forringelse, i løpet av ei vurderingsperiode på 50 år.

D - Biotisk forringelse

Del av totalarealet som er forringa av biotiske faktorar, og graden av forringelse, i løpet av ei vurderingsperiode på 50 år.

D1 Del av totalareal forringa siste 50 år  $\geq 80\%$

D2a Grad av biotisk forringelse komande 50 år  $\geq 30\% - < 50\%$

Tilsvarer VU

D2b Del av totalareal forringa 50 år (for-, no- og framtid)  $\geq 30\% - < 50\%$

D2b Grad av biotisk forringelse 50 år (for-, no- og framtid)  $\geq 80\%$

Tilsvarer VU

E- Kvantitativ analyse

Angir den estimerte sannsynet for at ei naturtype går tapt.

Raudlistevurderingar er i utgangspunktet kvantitative. Endringar i naturtypar sine areal; kor mykje av arealet som har gått tapt eller er forringa, og graden av forringelse, talfestast. Kriteria sine terskelverdiar vert bestemt av kva kategori arten høyrer til. Tilstrekkeleg kvantitativ informasjon finns berre for eit fåtal naturtypar, og derfor må vurderingane også basere seg på mindre presis kunnskap i kombinasjon med ekspertane sine eigne vurderingar.

Det er gjort nokon nasjonale tilpassingar av metoden. Ei oversikt over disse finns i Norsk Raudliste for naturtypar – rettleiar til raudlistevurdering.

Tilstanden på området er vurdert til därleg på grunn av køyrespor. Området er i hovudsak open med innslag av busker og småtre tilsvarannde ein tideleg gjenvekstsuksesjonsfase. Området beitast tilsvarannde lågt beitetrykk. Kyr flyttast rundt i området med «no-fence». Lokaliteten ligger i et driftsområde, og er i noko grad prega av menneskeskapte objekt (1 vegstump) og aktivitet. Det er myke spor av ferdsel med tunge køyretøy. Det er ikkje funne framande artar på lokaliteten.

Tema	Felt	Verdi	Omfang	Konsekvensgrad
Omsyn til naturtype	28 daa	-3	1	-3

## Kulturminne

Kartskissene syner at det ligg 3 kolgropar vest for planlagt hyttefelt. Desse vert ikkje rørt av tiltaket og får derfor inga påverknad.

Står fram som rektangulær grop, men gropen er svært gjenrast. Forma er derfor diffus og det er ingen markerte vollar. Attgrodd av lyng og Brisk. Indre mål: lengde 2,4m, breidde 1,4m. Djupne 0,4m. Kolgropa er truleg frå Jarnalder - middelalder. Gropen si opprinnlege funksjon var Industri, framstilling, produksjon.

Tema	Felt	Verdi	Omfang	Konsekvensgrad
Omsyn til kulturminne	28 daa	0	-1	0

## Gardsdrifta og hytter

Gardane i Hallingdal og Gol har i alle år hatt behov for fleire føtar å stå på. I Gol har turisme og hytter «alltid» gått side om side. Og for mange har hytter og turisme vore ein del av gardsdrifta, saman med produksjon av kjøt og mjølk. Slik er det også for garden «Jorde»

Utvikling at hyttetomtene ligg i eit område der det allereie i dag ligg hytter i nærleiken. Og som i kommuneplan legg opp til spreidd fritidsbebyggning der det allereie ligg hytter i nærområdet.

Det er i dag god tilgang på alternative nydyrkings og beiteareal på eigedommen, samt at mykje av området rundt er myr som ikkje kan nydyrkast. Tiltaket vil derfor har moderat

innverknad på tilgangen på dyrka mark og beite for gardsdrifta. Sal av hyttetomter vil forhåpentlegvis genererer pengar som kan nyttast til vidare utviking av garden.

Tema	Felt	Verdi	Omfang	Konsekvensgrad
Omsyn utvikling på garden	28 daa	3	1	3

## Måloppnåelse med eksisterandeplanverk og tiltak.

Hytte feltet er planlagt i eksisterende område for spreidd fritidsbebyggelse og landbruk. Plasseringa av feltet høver derfor svært godt opp imot eksisterande planverk.

Tema	Felt	Verdi	Omfang	Konsekvensgrad
Måloppnåelse i høve til eksisterande planverk	28 daa	3	1	3

Med vennlig hilsen

Aslak Botten  
Landbruksrådgiver, NORSK LANDBRUKSRÅDGIVING ØSTLAND  
Buskerudveien 134 Bygg L, 3340 Åmot  
Mobil: +4790652629  
aslak.botten@nlr.no  
<http://nlrø.no>